



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 21.04.2026

Vår ref.: 202609341-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om løyve til mellombels fråvik frå manøvreringsreglementet – tapping under LRV, for Eksingedalsvassdraget i Voss herad, Vestland fylke

NVE har fått ein søknad frå Eviny Fornybar AS om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet ved Piksvatnet for Eksingedalsvassdraget i Voss herad. Dette er planlagt i perioden 01.06.2026 - 30.06.2026.

Kva blir det søkt om?

NVE har fått ein søknad frå Eviny Fornybar AS, datert 13.04.2026, om løyve til å fråvike manøvreringsreglementet ved Piksvatnet for Eksingedalsvassdraget m.fl. i Voss herad. Formålet er å kunne montere vasstandsmåleutstyr i Piksvatnet. Magasinet har i dag berre manuell avlesing av vasstand, og er pålagt av NVE å etablere automatisk registrering av magasinvasstand i Piksvatnet med timeoppløysing for innrapportering til NVE. Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9909/V.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer tilbakemeldingar knytte til momenta i søknaden. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessantar som bør få høve til å uttale seg.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Eventuelle kommentarar kan sendast på e-post til nve@nve.no. Merk e-post med «Høyringsfråsegn og saksnummer 202609341» i emnefeltet.

Frist for å sende fråsegn er **19.05.2026**

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Med helsing

Håkon Haglund Norstrand

Senioringeniør

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

Voss Utferdslag
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
VOSS HERAD

Kopimottakarliste:

EVINY FORNYBAR AS